



Einar Hodneland
Holsbergstien 8
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1031 - 14/8837

Saksbehandlar:
Ingrid Moe
ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:
04.06.2014

Manglar i søknad om løyve til mur og levegg/gjerde i eigedomsgrese

Vi viser til søknad om løyve til mur og levegg/gjerde i eigedomsgrense, motteke 23.2.2014.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå byggegrense i plan. Tiltaket er vist i strid med regulert byggegrense i plan og er avhengig av dispensasjon frå plan, jf pbl § 19-2 jf §12-4. Dispensasjonen skal varslast naboar. Vi gjer og merksam på at det er høve til å søke om fritak for varsling av naboar.
2. Erklæringar frå naboar må og gjelde oppføring av mur. Dei innsendte erklæringane gjeld berre oppføring av levegg.
3. Dokumentasjon på kvalifikasjonar, jf søknad om ansvarsrett for sjølvbygger. Det føl av SAK10 §6-8 at «[k]ommunen kan godkjenne person for ansvarsrett som selvbygger av egen bolig eller fritidsbolig, uten hensyn til kravene til ansvarlige i kapitlene 9, 10 og 11, dersom personen sannsynliggjør at arbeidet godkjenningen gjelder vil bli utført i samsvar med bestemmelser gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven.» Sjølvbygger må sannsynleggjøre å inneha tilstrekkelige kvalifikasjonar. Det er ikkje dokumentert om det er tiltakshavar sjølv som innehar naudsynte kvalifikasjonar eller om det er medhjelpar. Sjølvbygger må kunne dokumentere eiga eller medhjelpar sine kvalifikasjonar, dvs utdanning og erfaring. Sjå rettleiinga til SAK §6-8 om dette.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 4.7.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Saken tilfredsstillar ikkje vilkåra for 3 ukers sakshandsaming, jf pbl §21-7 og vert handsama som eittrinnsøknad med tilhøyrande dispensasjon.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Ingrid Moe
byggjesakskonsulent/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Einar Hodneland

Holsbergstien 8 5918

FREKHAUG